



Kirkerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 OSLO

Dato: 22.09.2020

Vår ref: 20/02992-4

Dykkar ref:

## Høyrings svar kristne migrantar Møre bispedømmeråd

Møre bispedømmeråd gjorde dette vedtaket i sak 55/20 «Høyrings svar kristne migrantar»

*Møre bispedømmeråd sluttar seg til høyrings svaret slik det er formulert i saksutgreiinga, med dei innspel som kom i møte.*

Nedanfor kjem høyrings svaret frå Møre bispedømmeråd, der momenta som kom fram i samtalen, er innarbeidde i teksten.

### **Korleis kan kyrkja leggja til rette for at kristne migrantar kan kjenna seg heime i norske kyrkjelydar og vera med og setta sitt preg på kyrkja?**

Dette er hovudspørsmålet i det som skulle ha vore sak 10 på kyrkjemøtet i vår, der KM var invitert til å drøfta Dnk si sjølvforståing som folkekyrkje i eit fleirkulturelt samfunn. I staden for å drøfta saka på Kyrkjemøtet i haust, sender Kyrkjerådet saka på høyring til bispedøma, med høyringsfrist 15. oktober. Kyrkjerådet vil så gjera eit vedtak i desember. Til saka høyrer saksdokumentet "Kristne migrantar" og dessutan eit bakgrunnsnotat for utfyllande informasjon.

Saksdokumentet har tre hovuddelar: Del I er innleiing; del II er forslag til vedtak, med ti kjenneteikn for Den norske kyrkja i ei ny tid; del III er saksorientering med nærare drøfting av dei ti kjenneteikna.

Kyrkjerådet oppmodar bispedømmerådet til å drøfta saka og særleg reflektera over følgjande moment:

- Kva som er dei viktigaste perspektiva i saka
- Kva som bør prioriterast i det vidare arbeidet med saka
- Andre kommentarar til saka og vidare arbeid med henne.

### **Dei viktigaste perspektiva**

Møre bispedømmeråd er glad for at Kyrkjerådet legg fram denne saka. Kyrkja er i sitt vesen internasjonal, har alltid vore prega av migrasjon, og kan aldri vera ekskluderande norsk. Grunnleggande sett er kristne i alle land og til alle tider migrantar, på vandring gjennom verda, på veg mot eit anna heimland. Dermed må kyrkja leggja vinn på å snakka om kristne migrantar på ein måte som ikkje set dei i ein eigen kategori – framande og grunnleggande annleis enn den etnisk norske majoriteten. I eit internasjonalt perspektiv er nordmenn ein minoritet i den verdsvide kyrkja.

Det er derfor naturleg for kyrkja å reflektera det etniske mangfaldet i landet. Det er eit problem for kyrkja om kristne innvandrarak ikkje finn seg til rette her. Skal kyrkja kunna kalla seg ei open og inkluderande folkekyrkje, må kyrkja vera open også for den delen av folket vårt som er kristne innvandrarak.

Kristne innvandrarak er ein viktig ressurs for kyrkja. Talet på medlemmer i Dnk er jamt synkende, medan talet på kristne med migrantbakgrunn aukar. Utfordringa er likevel at få av dei kristne migrantane engasjerer seg i Dnk, av mange ulike grunnar. Gjennom å opna meir opp for kristne migrantar, vil kyrkja kunna gjenspegla ei større breidde i folket enn det ho gjer i dag.

Migrasjon er også sentral for misjonen. Kyrkja har sidan den første tida breidd seg ut i verda gjennom at menneske av ulike grunnar har reist frå heimlandet sitt og etablert seg i andre land. Kristne innvandrarak frå heile verda kan tilføra kyrkja vår mykje verdfullt og kan vera med på å setta kyrkja i stand til å vera eit vitne om Jesus Kristus i Norge, både overfor etnisk norske og overfor menneske med annan etnisk bakgrunn.

Denne saka er så viktig, at kyrkja må bruka god tid på arbeidet. Vi treng framfor alt å lytta til røyster frå kristne migrantar som har erfaring – på godt og på vondt – med å prøva å finna sin plass i Den norske kyrkja.

### **Kor aktuell er saka for Møre bispedøme?**

Saka handlar om både såkalla «migrantkyrkjelydar» med eigne gudstenester, og om einskildpersonar/mindre grupper som ønskjer å høyra til og gjera teneste i Den norske kyrkja. Migrantkyrkjelydar vil naturleg nok vera meir aktuelt i sentrale strøk, enn på landsbygda. Migrantar frå mange land er allereie aktive i kyrkjelydar i Møre, både i lønna stillingar og som frivillige. Me vil at fleire skal kjenna seg velkomne og finna sin plass.

Det er noko usikkert kor mange migrantkyrkjelydar som har eit samarbeid med Dnk i Møre bispedøme. I Skarbøvik i Ålesund har ein latvisk luthersk kyrkjelyd lånt eit gudstenestelokale. Både i Molde og Ålesund finst det aktive etiopisk/eritreiske ortodokse kyrkjelydar som har samarbeid med kyrkjelydar i Dnk. Elles er det ulike fleirkulturelle grupper og treffpunkt i fleire byar og tettstader i bispedømet i samarbeid med lokalkyrkjelydar og KIA Møre (t.d. Herøy, Spjelkavik, Kirkelandet, Molde). Møre bispedøme ønskjer å støtta slike tiltak.

Det finst også ulike kristne grupper i regionen som knyter seg opp mot andre norske trussamfunn, slik me ser det i resten av landet. Den katolske kyrkja er det trussamfunnet som har dei største migrantgruppene, særleg frå Polen og Filippinane. Nokre stader blir det halde katolske messer i lutherske soknekyrkjer.

Grupper, familiar og einskildmenneske med innvandrarbakgrunn kjem i varierende grad til gudsteneste i lokalkyrkjelydar over heile bispedømmet. Nokre stader tilbyr kyrkjelyden tolking, som t.d. i Ulstein, der dei har gode erfaringar med å inkludera migrantar i gudstenestelivet. Men me har ikkje noko oversikt over alt som blir gjort for å leggja gudstenestene til rette for dei som ikkje meistrar det norske språket. Uansett lokale tilhøve, er det viktig å møta den einskilde med hjartevarme, så dei som kjem, kjenner seg inkluderte og kan få oppgåver i samsvar med utrusting og nådegåver. Her snakkar vi først og fremst om ein type haldning i møte med alle menneske som kjem til kyrkja, anten det er migrantar, innflyttarak eller andre.

Det er ulike erfaringar med kva som hindrar migrantar i å engasjera seg i norske lokalkyrkjelydar. Dei tre hovudtypane av hindringar er teologi, uttrykksformer og språk. Erfaringa frå fleire stader, er at det ofte er lettare å først møtast på tvers av kulturar på andre møtestader enn i gudstenesta, t.d. i «Middag på tvers» eller gjennom ulike song- og musikkarrangement. I trusopplæringa er det viktig med tydeleg kommunikasjon når ein inviterer. Dette er også ein arena der integreringa har lukkast godt mange stader.

**Kva bør prioriterast?**

Saksdokumentet presenterer ti kjenneteikn for Den norske kyrkja i ei ny tid. Dei er alle gode og viktige som mål å strekka seg etter, og Møre bispedømeråd støttar i utgangspunktet Kyrkerådet sitt framlegg, men det er svært viktig at dei gode intensjonane blir fylgde opp med konkrete tiltak.

- Det må produserast ulike typar materiell som er tilpassa den store variasjonen i lokale tilhøve.
- Haldningsskapande arbeid er viktig for å fremja det fleirkulturelle i Dnk og sikra inkludering på alle plan i kyrkja.
- Det må oppmuntrast til meir kontakt mellom migrantkyrkjelydar og lokale kyrkjelydar i Dnk, så det blir meir enn reine leigeavtalar. Gode eksempel må løftast fram til etterfølging.
- Vi treng konkrete handlingsplanar for rekruttering til råd og stillingar i kyrkja slik at den reflekterer breidda i folkekyrkja – inkludert migrantar.
- KIA og internasjonale kyrkjelydar er viktige samarbeidspartnarar som må høyrast og støttast.
- Det må leggjast til rette for nødvendig fleksibilitet i gudstenesteordninga, slik at gudstenesta kan avspegla det språklege og kulturelle mangfaldet i kyrkjelyden.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug e.f  
Stiftsdirektør

Geir Sakseid  
Rådgjevar Misjon og Kyrkjefag

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Mottakere:  
Kirkerådet

Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO